



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

11.02.20255

Vår ref:

2022/4838

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern på Ospehogen naturreservat i Stad kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Ospehogen i Stad kommune. Vi fekk innspel om å gå bort i frå det tidlegare namnet Ospehåjen naturreservat, og legg namnet Ospehogen naturreservat som alternativ til grunn i høyringa. Vi har redusert arealet i nord ytterlegare for å tilpasse verneområdet til eksisterande kraftlinjer. Du er velkommen til å sende innspel i høyringa innan 21. april 2025.

Tilbodsområdet Ospehogen er lokalisert på gards- og bruksnummer 18/1-4 i Stad kommune. Arealet ligg langs ei fjordside i midtre Nordfjord, på vestsida av grenda Hundvika i nærleiken av Nordfjordeid. Arealet er eit sameige eigd av fire private grunneigarar. Vi ber om høyringsinnspel for arealet som no har ein storleik på 576 dekar.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per desember 2024 var noko over 5,4 prosent av skogarealet og 4,1 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har om lag 3,3 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog.

Frivillig vern av Ospehogen i Stad inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Fysiske inngrep som fylgje av nedbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre



vestlandsnaturen for framtida. Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldslova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane på Ospehogen har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til disse vert ivareteke.

Verneverdiane i og rundt Ospehogen naturreservat

Området ligg i ei bratt, sørvendt liside i ein gradient frå fjorden opp mot fjellet på nordsida av Nordfjorden i Stad kommune. Arealet vart kartlagt av Biofokus sommaren 2022 i samband med frivillig skogvern. Tresjiktet er rikt og varierer frå ganske storvaksne furutre iblanda bjørk, rogn, osp og selje i høgda, mens det i nedre del mot fjorden veks meir varmekrevjande treslag som hassel, alm, lind, svartor og eik. Arealet innehold fire ulike raudlista naturtypar, tre av dei er ulike utformingar av edellauvskog (høgstaude edellauvskog, frisk rik edellauvskog og lågurtedellauvskog) og den fjerde er kalk- og lågurtfuruskog. Daud ved finst jamt spreidd, men kontinuiteten er relativt låg. Mange store, gamle tre i kombinasjon med gode vekstforhold gjer at det truleg kjem til å bli betre tilgang på daud ved på relativt kort sikt. Større delar av arealet har rik vegetasjon, og fleire kravfulle artar er registrert. Av 12 raudlista artar er 8 nær truga (NT) og ein er sterkt truga (EN). Det er potensial for å finne fleire. For å få oversikt over registrerte artar, sjå rapporten frå skoganalyse på våre heimesider. På ein verdiskala frå 0 til 9 får Ospehogen ein score på 6,0.



Figur 1 Biletet syner kandidatområdet Ospehogen i Stad kommune som husar fleire raudlista naturtypar for skog. Ein kan sjå kraftlinja i biletet, kandidatområdet ligg i god avstand til linja. Fleire bilete av området ligg i skoganalyserapporten som er tilgjengeleg på heimesidene våre. Foto: Biofokus v/Maria K. Hertzberg



Ospehogen bidreg til å fylle manglar i skogvernet knytt til høgare bonitetar, økologiske nettverk, raudlista naturtypar og raudlista artar, særleg knytt til hasselkratt og delvis ospdominert skog og gamal furuskog (Framstad, 2017). Området ligg dels i lågareliggende område, og i sør boreal, boreonemoral og nemoral vegetasjonssone, som også er mangelfullt dekt i skogvernet i dag. Arealet har høgt naturmangfald særleg knytt til kalkrik mark og edellauvskog, samt store, gamle tre av osp og rogn. Vi har redusert arealet mot fjellet i nord, og utelete kraftlinja og klausuleringsbeltet etter innspel til oppstartsmeldinga.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Ospehogen. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær.

Brukinteresser

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil vere lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terregngåande beltekøyretøy, og forvalningsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvalningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Det er lite brukinteresser i området anna enn jakt. Nord for Ospehogen går ein trase med 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten, disse vil kunne bli heldt ved like. Alle standard formuleringar knytt til kraftlinjer er inkludert i verneforskrifta.

Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 3. juli 2024. Innan fristen den 10. august same år fekk vi inn fire innspel, og vi fekk inn eitt innspel til etter fristen. Statens vegvesen og NVE sendte innspel, men hadde ikkje merknadar til høyringa. Vi har inkludert dei resterande tre innspela i prosessen vidare. Innspela er omtalt under. Alle innspela ligg i eit samledokument i høyringssaka på heimesidene våre.

Språkrådet kom med innspel om namnsettinga, og tilrår oss å nytte namnet *Ospehogen* naturreservat på kandidatområdet i staden for *Ospehåjen* naturreservat, som vi brukte i oppstartsmeldinga. Fordi Ospehåjen ikkje er nytta som namn på kart eller registrert i sentralt stadnamnregister, legg Språkrådet likevel til grunn at det er eit lokalt nytta namn som ein kan ta utgangspunkt i. Forma *hog* er ei nemning som er nytta i fleire namnesaker i Nordfjord, nemninga er truleg frå gamalnorsk, og kan stamme frå *haug*. Språkrådet tilrår, dersom ein ønskjer alternativ til *Ospehogen naturreservat*, å vurdere namnet *Brevikjhellen naturreservat*. Ei stor hylle sentralt i verneområdet bærer det namnet, jf. offisielle kart, og det er ikkje andre naturreservat i landet som har nytta det tidlegare.

**Kommentar frå Statsforvaltaren:**

Vi legg innspellet frå Språkrådet til grunn og nyttar Ospehog naturreservat i det vidare arbeidet. Høyringa vil kunne få fram eventuelle innspel frå lokalt hald.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og rein driftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivaretakne i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Embetet har utført avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang. Resultatet viste at området har stor betydning for vern (sjå tabell), og lite betydning for tømmertilgang. Vernet vil såleis ikkje påverke moglegheiter for skog- og trenæringa.

<u>Betydning</u>	<u>Har</u>	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	<u>Kan få</u>	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	<u>Har mindre</u>	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
		S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1	
		<u>Har mindre</u>	<u>Kan få</u>				<u>Har</u>		
									<u>Betydning for tømmertilgangen</u>

Statnett SF har merknadar til avgrensinga av verneområdet og til verneforskrifta. Nord for det føreslegne verneområde går Statnetts 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten. Statnett SF ber om at delane av det framtidige verneområdet som ligg innanfor klausuleringsbeltet til transmisjonsnettet, blir teke ut. Beltet går 20 meter frå midten av kraftlinja. Statnett har rettar til å utføre skjøtsel innanfor klausuleringsbeltet, samt rett til naudsynt felling av tre i sideterrenget utanfor klausuleringsbeltet. Dersom ynsket ikkje blir teke til etterretning i høyringsframleggjaget, ber Statnett om at det opnast for skjøtsel innanfor verneområdet. For å mogleggjere eventuell utviding av nettet ved eit seinare tidspunkt, ynskjer Statnett òg at grensa for området flyttast 80 meter frå senter av linja.

Statnett skriv vidare at eit generelt unntak bør inn i vernebestemmingane for tiltak knytt til drift og vedlikehald av transmisjonsnettanelegget i og inntil verneområdet. Dersom vernegrensa trekkjast slik at køyretrasé, som går i kraftgata, hamnar innanfor vernegrensa, ynskjer Statnett at det opnast for motorisert ferdsle på køyretraséar, samt utanfor desse på vinterstid, når det er snø og frost i bakken. Statnett nyttar helikopter til arbeid knytt til vedlikehald, feilsituasjonar eller havari. Dei ber difor om at naudsynt arbeid med bruk av helikopter, inkludert landing, får eit generelt unntak frå ferdslebestemminga i verneforskrifta, då dei vurderer det slik at aktiviteten ikkje er i konflikt med verneføremålet.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

I figur 2 (under) kan ein sjå heile det fargelagde arealet som tilbodet frå grunneigarane via AT Skog. Tilbodsarealet var opphavleg på 758 dekar. Av omsyn til kraftlinja reduserte vi arealet med 22 % før vi meldte oppstart av verneprosess, og meldte oppstart på eit areal på 590 dekar, området markert med raud kant. I kartet vedlagt oppstartsmeldinga er grensa til verneområdet markert om lag 10 meter sør for den nærmaste 420- linja for å ta omsyn til den.




Figur 2 Den heildekjande figuren syner tilbodsområdet til frivillig skogvern frå grunneigarane, det var då på 758 dekar. Kraftlinjene er markert i raudt og grønt, både i nord og i sør. Arealet innanfor den raude streken er den arronderinga det vart meldt oppstart på. Det er no redusert ytterlegare i høyriksframleggget. Kjelde: fylkesatlas

Ei endring av verneområdegrensa til 80 meter frå senter av linja, slik Statnett ønskjer, vurderer vi vil gå ut over verneverdiane i området. Etter vår mening vil ein reduksjon av verneområdet til 20 meter frå senter av linja, kombinert med ei opning i verneforskrifta for aktivitet relatert til drift og vedlikehald, mogleggjere effektiv drift av linene og samstundes beskytte viktig natur. Forskrifta opnar òg for å vurdere dispensasjon til oppgradering og fornying av linja i § 4 bokstav k. Av omsyn til drift og vedlikehald av linene vil vi, etter innspelet frå Statnett SA, såleis redusere verneområdet slik at vernegrensa går 20 meter frå senter av linja, det vil seie 12 meter frå sørleg line. Dersom vi trekk grensa lengre ned vil vi byrje å redusere ein arrondering av store gamle tre på kalkrik mosaikk, denne utfigureringa er ei raudlista naturtype. Terrenget er bratt i området, og når linjene er i overkant av verneområdet, ser vi ikkje den store risikoen for trefall oppover.

Når vernegrensa blir ytterlegare trekt vekk frå kraftlinja kan vi ikkje sjå at det er grunn til å legge inn ei generell opning for motorferdsle og landing med helikopter innanfor området. Det er heller ingen plasser innanfor verneområdet som egner seg til landing med helikopter. Vern vil ikkje vere til hinder for bruk av naudsynt motorferdsle ved akutte utfall, eller fare for akutt utfall på eksisterande anlegg,



jf. § 6 bokstav d. I spesielle høve opnar forskrifa for at det gjevest dispensasjon til motorisert ferdslle innanfor verneområdet, jf. § 7 bokstav h. Vi meiner dette vil vere tilstrekkeleg for å sikre den vidare drifta av linja. Det vil difor ikkje bli gjeve eit generelt unntak frå vernereglane som opnar for motorisert ferdslle. Vi oppmodar Statnett til å vurdere kva behov det er for å drive skjøtsel i og ved kraftgata. Trea i og ved verneområdet ligg i ei bratt skråning, og det er difor lite sannsynleg at desse vil falle over linene.



Figur 3 Blå felt syner truga naturtypar innanfor kandidatområdet. Markert naturtype som grensar mot kraftlinja i nordvest er frisk rik edellauvskog (NT), samt mindre parti med lågurtedellauvskog (VU), kalk- og lågurtfuruskog (VU) og høgstaudeedellauvskog (NT).

Endringar sidan oppstart

Vi meldte oppstart på vern av eit område med storleik på 590 dekar. Basert på innspel frå Statnett endrar vi vernegrensa mot nord og nordvest mot 420 kV-linja som er transmisjonsnettledning mellom Ørsta – Ålfoten. Vernegrensa vert flytta til 20 meter unna senter av linja. Klausuleringsbeltet og ferdslletraséar fell dermed utanfor verneområdet. Endringa fører til ei reduksjon av verneområdet med 14 dekar samanlikna med oppstartsmeldinga. Den nye storleiken er på 576 dekar.

Jamfør nye malar for korleis verneføremålet er utforma har vi gjort endringar i oppsettet på forskrifa § 1. I oppstartsmeldinga nytta vi formuleringa og oppsettet som såg slik ut:

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ei sør vendt fjordside frå fjord til fjell som inneholder trua, sjeldan eller sårbar natur, med eit mangfold av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området har edellauvskog med kravfulle artar til dels knytt til kalkrik mark, og gammal furuskog med bjørk og osp.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.



Vi legg ikkje opp til ei innhaldsmessig endring. Det nye verneføremålet vil vi foreslå skal sjå slik ut:

Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit område som

- a. *inneheld trua, sjeldan og sårbar natur frå fjord til fjell med eit mangfold av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar.*
- b. *representerer ein naturtype med store verdiar knytt til frisk rik edellauvskog på kalkrik mark og gamal furuskog med bjørk og osp.*

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Vi har gjort ei presisering av reglane som gjeld bålbrening, jf. nyare malar for utforming av forskrifta. Ny formulering i § 3 første ledd bokstav e er *Bålbrening er forbode. Forbodet gjeld ikkje brenning med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk*. Formuleringa om bålbrening som tidlegare var i §3 e *Bålbrening er forbode* og § 4 (vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for) *brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk* i er såleis slege i saman for å bli meir forståeleg.

Formuleringa *hogst av etablerte plantefelt* er byta ut med formuleringa *uttak av framande treslag*. Endringa er gjort for å presisere at det gjeld gran og andre framande treslag som anten er etablert i plantefelt eller som spreier seg inn som frø frå andre etablerte plantefelt. Vi har også lagt inn ein ny heimel i § 4 første ledd bokstav l om manuell fjerning av småtre frå framande treslag. Dette for å gjøre det lettare for grunneigarar og andre på tur i området å kunne «nappe» småtre av gran før trea rekk å etablere seg.



Figur 4 Ospehogen ligg vest for Hundvika i Stad kommune. Det er registrert sjeldne, truga og sårbare artar og raudlista naturtypar som til dømes frisk rik edellauvskog i området. Foto: Biofokus/ Maria K. Hertzberg



Forvaltningsstyresmakt

Fastsetting av forvaltningsstyresmakt for Ospehogen naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Stad kommune ynskjer delegert forvaltningsmyndigkeit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndigkeit gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunen vert tilbudd å bli forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innafor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ynskjer å bli forvaltningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigkeit.

Innspel og vidare framdrift

Det er ynskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet i Ospehogen slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. Frist for å kome med innspel er 21. april 2025.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlp@statsforvalteren.no.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Eline Orheim
fungerande miljødirektør

Solveig Kalvø Roald
fungerande seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Framlegg til vernekart for Ospehogen naturreservat
Framlegg til verneforskrift for Ospehogen naturreservat

**Mottakarliste:**

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485 TRONDHEIM
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770 NORDFJORDEID
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032 OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701 STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901 FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441 TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001 BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103 OSLO
Avinor	Postboks 150	2061 GARDERMOEN
NTNU	Postboks 8905	7491 TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020 BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431 ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017 BERGEN
Det norske skogselskap		
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181 OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863 LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305 OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152 OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157 OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337 SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485 TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114 OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506 OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305 OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135 OSLO



Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315	7491	TRONDHEIM
	Torgarden		
Norges Handikapforbund	Postboks 9217	0134	OSLO
	Grønland		
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO



Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN